

Organisasjonsnummer: 864978932
Foretaksnavn: Ørskog kommune
Navn: Runa Klock
Kontonummer: 40600700245
Adresse: Rådhuset, Øyravegen 11
Postnr.: 6240 Ørskog
Telefon: 70165922
Mobiltelefon: 48218741
E-post: rukl@orskog.kommune.no

Mottaker: Miljødirektoratet
Kopimottaker: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

SØKNAD

REFERANSENØ.: 18SFC1A9

Oppstramming og oppmjuking for eit grønar Sjøholt

Type tiltak: Klimavennlig areal- og transportplanlegging

Beskriv tiltaket, med vekt på hvem, hva, hvor og hvordan:

Kven og kor: Ørskog kommune ligg i Møre og Romsdal Fylke og har ca. 2300 innbyggjarar. Kommunesenteret Sjøholt er eit trafikalt knutepunkt og opplevast som delt i to. E39 utgjer ei barriere og manglar direktekryssingar for køyrande og fotgjengarovergangar i plan. Mykje av stamvegtrafikken til austlandet går gjennom sentrum, ein har betydeleg trafikkbelastning (ÅDT 6200), ein stor del er tungtransport. I sentrum har etablering av m.a. rådhus, barnehage og buss-stasjon ført til at "tyngdepunktet" er flytta frå det historiske sentrum på nordsida, til det tidlegare industriområde på sydsida. Dei fleste bur på nordsida og det er stor internttrafikk.

Kva: Det er nyleg starta eit tettstadsprosjekt for Sjøholt sentrum, der ein jobbar parallelt med både tettstadsutvikling og ny reguleringsplan. For å kunne utarbeide konkrete forslag til innovative klimaløysingar, har kommunen behov for å styrke kunnskapsgrunnlaget og vil innhente ekstern kompetanse og fagkyndig hjelp.

Vi søker klimasatsmidlar for å få utarbeidd tettstadsanalyse og konkurranse om framtidig tettstadsutvikling gjennom parallelloppdrag. Vi ønskjer også å kunne lønne prosjektleiar, dedikert til denne prosessen, ut over 2018. Dette vil sikre ei bærekraftig utvikling av Sjøholt gjennom analysar, konsekvensutreiingar og muligheitsstudie for klimavennleg infrastruktur.

Korleis: Kommunen vil i parallelloppdraget fokusere på ei klimavennleg utvikling av sentrum i Sjøholt. Fortetting, samt lokalisering av nye bustadområde og næringsareal er ein viktig del av klima- og miljøtilpassinga. Eit anna viktig tema er grøn mobilitet. Reising til, og i, Sjøholt sentrum skjer i stor utstrekning med bil. Bildominans og asfalterte flater gir ei dårleg oppleving av å bevege seg til fots/sykkel. Det kortsiktige målet er å kartlegge naturlege føresetnadar, lokalisere nye bustad- og næringsområde rundt kollektivknutepunkt og å vise fortettingspotensiale. Vidare skal ein utrede konkrete plangrep for redusere klimagassutslepp frå transport. Dette gjennom å løyse nøkkelfordringar som parkeringssystem, gate- og plassutforming, gang- og sykkelforbindelsar sett i samanheng med snarveg, og turveg og tilrettelegging

for kollektivløysningar.

For å sikre ein god plan ønsker vi i prosessen å teste ut ulike løysingar og måle effekt. Dette kan vere t.d. malte/oppmerka soner for dei ulike trafikantane, og visuelle skilje ved hjelp av beplanting og lyssetting. Slik kan viteste ut ulike gangveggar og andre trafikale løysingar. Desse enkle pilotane kan sikre ein betre plan basert på medverking og testing, og samtidig ha stor overføringsverdi for andre kommunar.

Hvordan vil dette tiltaket gi økt klimafokus i areal- og transportplanleggingen, utover det en kan forvente av ordinær, god arealplanlegging?

Ørskog kommune har ambisjonar om ei klimavennlig utvikling, jf. mål i planstrategien, men begrensa ressursar og kompetanse til å nå måla. Klimasatsmidlar vil sette oss i stand til å ha eit svært tydeleg fokus på bærekraft og omstilling til lavutsleppsamfunnet i utarbeidinga av sentrumsplanen. Det vil bidra til viktig kunnskapsheving om klimavenlege løysingar når det gjeld fortetting, målretta plassering av bustadareal og næringsareal, tilrettelegging for bruk av kollektivtransport, utbygging av gang og sykkelstiar med meir.

Ved å innarbeide og systematisere dette i overordna arealplanlegging, visualiseringar og tydeleg kommunikasjon vil klimainnsatsen bli enda sterkare forankra både hjå innbyggjarane, i administrasjonen og hos politikarane. Vi vil redusere klimagassutsleppa gjennom ei heiskapeleg utvikling framfor ei fragmentert utvikling. Gjennom klimasatsmidlane vil vi vise kommunen som miljøbevisst og framtidsretta, og miljøambisjonane skal bli verkeleggjort ved at vi får konkretisert nødvendige tiltak og synleggjort muligheiter.

Gjennom å teste ut løysingar fysisk ute i sentrum vil vi sikre ein plan som blir best mogeleg, og som er basert på medverking og fysisk uttesting.

Hvordan kan tiltaket bidra til en varig kvalitets- eller kompetanseheving med tanke på klimavennlig areal- og transportplanlegging?

Prosjektet vil få tilført kompetanse som blir direkte overført til reguleringsplan og arealplan. Ved å engasjere, involvere og auke kunnskapen blant politikarar, innbyggjarar og næringsliv, vil forventning om gode klimaløysingar ligge til grunn for kommande prosjekt og planer.

Ei grundig kartlegging og plan for langsiktig og bærekraftig utvikling vil legge forutsigbare premissar og rettleiingar til både kommune og næringsliv. Prosessen vil visualiserast og delast gjennom både folkemøter, utstillingar, gatekontor og andre tiltak. Prosessen vil gi erfaringar som er lett overførbare til andre, liknande tettstadar, og vi vil gjennom både sosiale mediar, rapportar og tettstadprosjektet til Møre og Romsdal Fylke formidle erfaringar og funn til andre kommunar.

Hvordan er søknaden politisk forankret?

I planstrategien for Ørskog (2017-2020) er klimaendringane peika på som vår tids største utfordring, og Ørskog kommune må innrette utviklinga i retning av eit samfunn med låge utslepp. Vi har også ambisiøse målsettingar om ei positiv utvikling i folketalet og at Sjøholt skal ha eit fortetta og levande sentrum, og at sentrum skal være gå- og sykkelvennleg. Sentrum skal utviklas i ei slik retning at folk vil bu sentralt og nært kollektivknutepunkt. Kommunen er medlem i Sykkelnettverket. Det er allereie bevilga ekstra midlar til planarbeid og veginvesteringar, noko som stadfestar den politiske viljen til dette arbeidet. Planutvalet og ordførar stiller seg bak søknad om Klimasatsmidlar.

Gjennomføring

Når planlegges arbeidet startet og avsluttet?

Oppstart av arbeidet: februar 2018. Tettstadanalyse og parallelloppdrag med tilhøyrande utgreiingar: vår - haust 2018. Forlenging av prosjektmedarbeidarstilling: haust 2018-2019.

Gjennomføringsplanen kan lastes opp som vedlegg eller beskrives nedenfor:

Kommunen vil ha ansvar for, og lede prosessen, og ha ein betydelig eigeninnsats inn i arbeidet.

Prosessforløp vedlagt.

Endeleg og spesifisert prosjektplan blir ferdigstillt ved utgangen av mars 2018.

Beskriv hvorfor økonomisk støtte vil være utløsende for at tiltaket blir gjennomført:

Ørskog er ei lita kommune, men ein kommune i vekst og som snart blir ein del av Nye Ålesund. Vi vil vere i forkant med overordna planlegging før vi går inn i den nye kommunen. Vår plankapasitet vil difor bli auka i inneverande år, men tiltaket i det omfang vi legg opp til her, vil ikkje vere muleg å gjennomføre utan ekstern finansiering. For å sikre at ein får eit godt kunnskapsgrunnlag vil økonomisk støtte til ei konseptanalyse utført av konsulent vere avgjerande.

Kostnadsoverslag / Budsjett

Utgifter til gjennomføring av tiltaket	Beløp uten mva
Kjøp av ekstern kompetanse (parallelloppdrag)	1 100 000
Konsulentteneste Bylivsenteret (parallelloppdrag)	200 000
Lønn til ekstra kommunal prosjektmedarbeidar/leiar	600 000
Administrasjon	160 000
pilotar/workshop/medverking	100 000
Total sum	2 160 000

Finansiering

Finansiering av tiltak	Beløp uten mva
Samlet kostnad ved tiltak(ene)	2 160 000
- Andre offentlige tilskudd	500 000
- Annen finansiering	0
- Egne midler	660 000
= Omsøkt tilskudd fra miljøforvaltningen	1 000 000

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Ja

Ja. Ved å redusere omfang av innleigd kompetanse og lokale workshops.

Utdyping finansiering

Er noe av finansieringen annet enn kommunale midler eller klimasats-midler? Får eller har tiltaket

mottatt eksterne midler av noe slag? Ja

Oppgi type midler, beløp og vilkår:

Kommunen kjem til å søke Møre og Romsdal Fylkeskommune om tettstadutviklingsmidlar, og har fått tydelege signal på at vi vil få dette.

Har tiltaket søkt/bedt om eksterne midler, men ikke fått svar enda? Nei

Har tiltaket søkt/bedt om andre offentlige midler, men ikke fått slik støtte? Nei

Vedlegg

📎 oppgaveprogram sjøholt_utkast.pdf (Prosjektbeskrivelse)

📎 prosessforløp.pdf (Aktivitetsplan)

📎 sjøholt sentrum no.jpg (Bilde)

📎 Planstrategi for Ørskog kommune 2017-2020.pdf (Annet)

Merknad:

Organisering

Det vil bli etablert ei prosjektgruppe med prosjektleiar for tettstadprosjektet, rådmann, ordførar, samt representantar frå næringsliv, Statens vegvesen og Møre og Romsdal fylkeskommune. Gruppa har ansvar for det faglige innhaldet og framdrifta i prosjektet. Arbeidet forankrast gjennom tett samhandling med Kommuneplanutvalet som ei viktig politisk referansegruppe. For parallelloppdraget vil det blitt nedsett ei tverrfaglig ressurs- og evaluingsgruppe som vil følge heile prosessen. Gruppa vil bli leda av BYLIVsenteret og kommunen sin prosjektmedarbeidar. Evalueringsgruppa vil utarbeide ein rapport og ei anbefaling for det vidare planarbeidet sommar/haust 2018.

Kommunen har tilsett prosjektleiar for tettstadprosjektet i 2018, og har oppnådd mykje allereie.

Kommunen søker støtte til å forlenge engasjementsperioden.

God overordna planlegging krev politisk forankring, både av omsyn til strategi/retning, og gjennomføring. Klimatiltaka kjem tydeleg fram i den kommunale planstrategien, planutvalet er delaktig, og heile kommunestyret har allereie vore med på presentasjon og mini-workshop. I februar skal KS-folkevalgt dagen "den handlekraftige kommunen" gjennomførast med kommunestyret, der klima og tettstadutvikling er tema.

For å sikre medverknad og forankring vil det være brei involvering og samskaping med gamle som unge innbyggjarar, organisasjonar, skule og næringsliv. Det vil gjennom arbeidet være fleire pop-up aktivitetar som skal engasjere politikarar og innbyggjarar, auke oppmerksamheit, forståing og kunnskap rundt klima og miljø.

[sign] **Runa Klock for Ørskog kommune**

Lvert 15.02.2018